

# Notat - Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

## Forslag til endringar etter høyring

Det har kome 44 skriftlege høyringsinnspel til planforslaget. Desse er oppsummert og kommentert i forslag til høyringsrapport. Første del av høyringsrapporten gir viktig informasjon og detaljar til føreliggjande notat, som er ei oppsummering av forslag til endringar av plankart og plandokument.

### 1. Omfang av akvakulturareal i plankart

Eit av hovudankepunktta til planframlegget har kome frå akvakulturnæringa med omsyn til fleksibilitet og utviklingsmogleik. I dette ligg det at tilgang på areal er for avgrensa. Det er utarbeidd 3 alternative forslag med nye akvakulturareal i sjø.

- **Alternativ 1: Kommuneplan**

Alternativ 1 omfattar arealsoner med Akvakultur (einbruk og fleirbruk) i plankartet til høyring. I tillegg er kommuneplanføremål med akvakultur inkludert i plankartet.

For dette alternativet er om lag **21,2% av sjøarealet** avsett til arealsoner med akvakultur.

**Konsekvens av endring:** Dette alternativet kan definerast som mindre justeringar etter høyring. Alternativet krev ikkje ny offentleg høyring. Det er behov for mindre endringar av planomtale og retningsline. Rekk politisk vedtak i 2016.

- **Alternativ 2: Kommuneplan og innspel.**

Alternativ 2 har som alternativ 1 inkludert planavklarte kommuneplanareal. I tillegg er innspel med konkrete areal til akvakultur inkludert. Innspela er vurdert og avgrensa i høve til grøn og gul sone frå arealanalysen, samt arealsone landskap (tidlegare omsynssone).

For dette alternativet er om lag **22% av sjøarealet** avsett til arealsoner med akvakultur.

**Konsekvens av endring:** Dette alternativet kan definerast som mindre justeringar etter høyring. Alternativet krev ikkje ny offentleg høyring. Det er behov for mindre endringar av planomtale og retningsline. Rekk politisk vedtak i 2016.

- **Alternativ 3: Grøne og gule soner frå arealanalysen**

Alternativ 3 omfattar arealsoner med Akvakultur likt alternativ 2. I tillegg er alt sjøareal som ligg i grøn eller gul sone frå arealanalysen definert som arealsone med akvakulturføremål.

For dette alternativet er om lag **61% av sjøarealet** avsett til arealsoner med akvakultur.

**Konsekvens av endring:** Dette alternativet er ei større endring, og vil krevje ny offentleg høyring samt omfattande endring av planomtale, konsekvensutgreiing og retningsline. Rekk ikkje politisk vedtak i 2016.

### 2. Omsynssoner

Det er kome ein del negative merknader til omsynssone for landskap, natur, friluftsliv og kultur, både i høve til storleik på sonene og restriksjonar i retningsliner.

Det er utarbeidd eit forslag til justering av avgrensinga slik at godkjente lokalitetar og kommuneplanføremål til akvakultur ligg utanfor arealsone landskap (tidlegare omsynssone, ref. punkt 3). Føresetnad at verdiane for landskap, natur, friluftsliv og kultur vert oppretthalde.

Det vert også vurdert å ta ut nokre av dei opphavlege omsynssonene og inkludere ei ny. Føresetnad for ei slik justering er at mangfaldet og representasjon av ulike områdetypar i regionen framleis er ivareteke.

### 3. Retningslinjer

- Retningslinjene skal gjennomgåast for å skape betre kopling mellom plankart og retningslinjene. Dette for å skape betre forståing og bruk av planen i framtidig forvaltning.
- Skal tydeleggjere retningslinjene for arealsone landskap (tidlegare omsynssone).
- Retningslinjene knytt til strandsona vert sett i samanheng med Interkommunal plan for strandsona i Sunnhordland. Interkommunal plan er i prosess i samarbeid med regionalt nivå.
- Vurdere retningslinjene i høve til Fiskeridirektoratet sitt innspel.
- Vurdere å supplere retningslinjene for å sikre moglegheit for lokalt handlingsrom for ny teknologi og nye artar knytt til havbruksnæringa.
- Supplere retningslinjene med råd/uttaler som HFK har gitt til planar i seinare tid.

### 4. Kjerneområde for akvakultur:

Det er vurdert å innføre begrepet «*kjerneområde for akvakultur*» for å synleggjere viktige område for matproduksjon i sjø innanfor planområdet. Ei slik tilnærming vil innebære større område med einbruk akvakultur i regional plan. Desse områda bør differensierast vidare i samband med kommuneplanlegging.

- Areal for «havgående» anlegg  
Vurdere å ta ut arealsone med akvakultur for «havgående» anlegg utanfor Bømlo og Austevoll. Dette ut frå at innspel om desse områda er lite hensiktsmessig for akvakulturproduksjon med dagens teknologi.

### 5. Teiknereglar for plankart:

Det har i planfasen vore noko usikkerheit knytt til nye teiknereglar for regionalplan, og i kva grad dei opnar for å kunne nytte omsynssoner som til dømes omsyn for landskap og bevaring naturmiljø (PBL § 11-8, 3. avsnitt bokstav c.). Kommunal- og moderniseringsdepartementet meiner at omsynssoner ikkje er rett plangrep for regionale planar. Omsynssonene i plankartet vert difor tekne ut og erstatta med arealsoner der ein finn dette hensiktsmessig:

- Omsynssone for landskap, natur, friluftsliv og kultur vert endra til arealsone landskap.
- Omsynssone for korallar vert endra til arealsone for naturmangfald i sjø.
- Omsynssone for forslag til marint verneområde er teke ut av plankartet og oppretthalde i retningslinjene. Desse områda skal definerast i eigen uavhengig prosess, og det er uklart kva føringane vert for områda.

### 6. Handlingsplan

- Handlingsplanen: Industriell aktivitet i sjø, utgreiingar, midlar/penge støtte, fagnettverk for arealplanlegging i sjø.

### 7. Metodikk

Vurdere å supplere metodikk med utgangspunkt i rapportar frå HI: «Effekter av utslipp fra akvakultur på spesielle marine naturtyper, rødlista habitat og arter. Kunnskapsstatus», nr.8 2016. Og rapporten «Vurdering av norske korallrev», nr. 8 2015. Samt Fiskeridirektoratet sitt forslag om beskyttelse av mellom anna to korallområder i planområdet.